

# **Lokal forskrift om inntak til International Baccalaureate tilbodet i Hordaland fylkeskommune**

Heimel: Fastsett av fylkestinget i Hordaland 09.-10.12.2014 med heimel i forskrift til opplæringslova av 23.06.2006 nr. 724 § 6-2

I kraft: 01.01.2015

## **§ 1 Formål og virkeområde**

(1) Inntak til vidaregående opplæring reguleras generelt av lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) av 17.07.1998 nr 61 § 3-1, forskrift til opplæringslova av 23.06.2006 nr. 724, kap. 6 og lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling av læreplass i Hordaland fylkeskommune fastsett av fylkestinget i Hordaland 14.10.2014. Denne forskrifta regulerer inntaket til International Baccalaureate (IB) tilbodet i det offentlege skuletilbodet i Hordaland. Hordaland fylkeskommune tilbyr Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB) over eitt år og IB Diploma Programme, over to år.

## **§ 2 Språk**

(1) Forskrifta føreligg på norsk og engelsk, ved tolkingstvil gjeld den norske versjonen.

## **§ 3 Vilkår for inntak til Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB)**

- (1) Vilkår for inntak til Vg1 pre-IB er at søkeren har fullført norsk grunnskole eller tilsvarende. Sjå reglane i forskrift til opplæringslova § 6-13 for kva som reknast som tilsvarende og korleis det kan dokumenterast.
- (2) For å kvalifisere til inntak til pre-IB må søkeren ha mist karakteren 4 i matematikk og engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5.

## **§ 4 Rekkefølgje ved inntak til Vg1**

(1) Dersom det meldar seg fleire søkerar enn det er elevplassar, skal elevplassane fordela etter poengsum utrekna på grunnlag av forskrift til opplæringslova § 6-21. Karakterar frå andre utdanningssystem med annan karakterskala utrekna etter ei linjer omrekning der karakterane frå anna karaktersystem vektas mot norsk karakterskala.

## **§ 5 Inntak til IB Diploma Programme**

- (1) Vilkår for inntak til IB Diploma Programme er at søkeren har bestått Vg1 studiespesialiserande med førebuande IB (pre-IB), Vg1 studiespesialiserande, MYP 5/Grade 10 frå IB eller tilsvarende.
- (2) For å kvalifisere til inntak til IB Diploma Programme må søkeren ha minst karakteren 4 i matematikk og 5 i engelsk, i tillegg til gjennomsnittskarakter på minst 4,5.

(3) Søkjarar kan verte bedne om å ta ei opptaksprøve dersom det er uklårt om søkeren er kvalifisert.

## **§ 6 Inntak til 3IB**

(1) IB Diploma Programme er eit kurs over to år med 2IB og 3IB. Det er ikkje ordinært opptak til 3IB, elevar som er tekne inn på 2IB, kan fortsetta på 3IB. Elevar frå andre IB Diploma Programmes «transfer-students» kan søkje inntak til 3IB. Avgjerd om inntak vert teken etter ein individuell vurdering, kor karakternivå og fagsamansetning er sentrale moment.

## **§ 7 Søknadsfrist**

(1) Søknadsfristen er 1. mars. For søkerar som flyttar til Hordaland etter søknadsfristen gjeld reglane i § 14 i lokal forskrift om inntak til vidaregåande opplæring i Hordaland fylkeskommune av 14.10.2014.

## **§ 8 Søknaden**

(1) Søknad sendast gjennom VIGO. Søkerar som ikkje kan søkje gjennom VIGO, nyttar eige søknadsskjema.